




Kvam kyrkje



Kvikne kyrkje



Skåbu kyrkje



Sødorp kyrkje

# KYRKJEBBLAD

for

## NORD-FRON

Nr. 4/5 • DESEMBER 2020 • Årgang 65



God Jul



## TIL TENESTE

Nord-Fron kyrkjekontor  
Tlf 612 16 290  
Kyrkjeverje: Ragnar Lønnesløkken  
Tlf 612 16 292  
Sekretær. Grete Bakken  
Tlf 612 16 290

**KONTORTIDER:**  
Kl 09.00-13.00  
og elles etter avtale

**SOKNEPREST:**  
Jens Petter Ous  
Tlf. kontor 612 16 293  
Mobil 975 74 993

Soknepreststillinga i Kvikne og Södorp  
er lytt ut

**DIAKON:**  
Stillinga blir lytt ut

**TRUSOPPLÆRAR:**  
Hildegunn Maria Haanes Ruset  
Tlf kontor 612 16 286  
Tlf mobil 959 35 300

**KANTOR:**  
Stillinga er lytt ut

**ORGANIST:**  
Bernt Fauske  
Tlf. 406 03 269

**SÖDORP SOKN**  
Soknerådsleiar:  
Kirsten Dina Leine  
Tlf. 901 01 690  
Kyrkjetenar/gravar:  
Anders Stø  
Tlf 612 90 974/909 60 650  
Kyrkjetenar:  
Frank Varpestuen  
Tlf 456 06 026  
Kyrkjetenar Ivar Kvande  
Tlf. 951 58 927

**KVAM SOKN**  
Soknerådsleiar:  
Egil Myhre  
Tlf. 970 67 723  
Kyrkjetenar:  
Svein Fredrik Kjæstad  
Tlf 908 45 584

**KVIKNE SOKN**  
Soknerådsleiar:  
Kristian Ekre  
Tlf 612 95 832/911 31 563  
Kyrkjetenar:  
Jan Smikop  
Tlf 951 22 470

**SKÅBU SOKN**  
Soknerådsleiar:  
Unni Bøyum Kluge  
Tlf 932 92 209  
Kyrkjetenar:  
Jan Smikop  
Tlf 951 22 470

**FAMILIE-RÅDGJEVING**  
Familievernkontoret, Otta  
Storgt 21, 2670 Otta  
Tlf 612 30 536  
Kl 09.00 – 14.00

**Grafisk produksjon:**  
Dale-Gudbrands Trykkeri a.s.,  
[www.dg-trykk.no](http://www.dg-trykk.no)



## HEIM OG KYRKJE



### Døypte

#### KVIKNE:

Eline Rogne  
Ludvik Olstad

#### KVAM

Mari Enget Bauhol  
Tirill Marie Kappelslåen

#### SÖDORP

Johanne Martinsheimen  
Landgraff  
Even Tokse-Hagemoen  
Aleksander Lundemo



### Døde

#### KVAM

Mathias Aaseth  
Asbjørn Søndenfor  
Helge Hagen  
Ola Dahl

#### SÖDORP

Arvid Pedersen  
Kjell Slaanen (Bisettelse)



**Kyrkjekontorets e-post-adresse:** [grete.bakken@nord-fron.kommune.no](mailto:grete.bakken@nord-fron.kommune.no)  
**Heimeside:** [www.kirken.no/nord-fron](http://www.kirken.no/nord-fron)

**NESTE NUMMER**  
av «kyrkjebladet for Nord-Fron» kjem ut i mars 2021.  
Frist for stoff: 15.februar.

#### KYRKJEBLAD FOR NORD-FRON

Dette nummeret er redigert av  
Grete Bakken saman med dei tilsette ved Kyrkjekontoret.  
Redaksjonskomité: Randi Brendløkken (Skåbu), Anders Hage (Kvikne),  
Egil Myhre (Kvam), Aase Toxe Tveit (Södorp).

Kyrkjeblad for Nord-Fron – Nedregate 50 – 2640 Vinstra  
Kontonummer: 2095.49.59776

## Biskopens juleandakt:



Har du nokon gong sett lyset frå eit nyfødd lite menneskebarn? Sett lyset i augene og spedbarnets jamne hjarteslag? Har du kjent korleis ditt eige hjarte bankar av kjærleik og korleis det vesle barnet rører ved deg berre ved at det er til? Du har kanskje også opplevd korleis møtet med den vesle gir retning, for ein håpsveg inn mot framtida.

Det siste året har vore, og er prega av Covid-19. Mange har kjent på uro, ja også redsle og angst for dagen i dag, og for morgondagen. Alle lurer vi på korleis framtida vil bli.

Det har vore vanskeleg å halde avstand. Særleg krevjande har det vore for dei som har vore på sjukhus og ulike helseinstitusjonar, og deira nærståande. Det å ikkje kunne gå på besøk eller ta imot besøk gir ei kjensle av einsemld og sorg.

Kvardagen med covid-19 viser oss kor samansett livet er. Vi har fått ei djup erfaring og må sanna at vår felles ståstad er at livet er sårbart

Eg tenkte på dette då det var kyrkjebjubileum i Tingelstad gamle kyrkje, St Petri no i sommar. Der er det ein kopi av det gamle altarfrontalet, med Himmeldronninga, Maria med krone og barnet i hendene. Barnet stryk si mor varsamt på kinnet og seier på denne måten at Gud kom med nåde og kjærleik.

Frå Maria på altarfrontalet i St Petri, dirrer sangen om tru, mot og klårleik på Guds vilje om rett og rettferd. Når alle har same Skapar og opphav så har vi også eit medansvar for kvarandre, i det nære men også ute i verda.

Å følgje etter det lille barnet som vi feirer i jula, er å våge å gå inn i nye og ukjende landskap, ut fra evangeliets grensesprengande kraft til å åpne livets kjelder og framtidshåp for alle menneske.

Gud kjem til jorda vår som eit lite barn, og kanskje er det nettopp fordi Gud veit kva det er å være liten, at Gud også veit kva oppgjer med øydeleggande krefter er.

Saman med menneske over heile jorda, høyrer vi, og lever vi, i juletonen som har ein klangbotn av eksistensiell einsemld. Lindringa kjem som glimt av å høyre til i noko som er stort, større enn oss sjølve.

Vi anar, kjenner att og trur på Jesusbarnets livgjevande og trøystefulle nærvær midt mellom oss. Kristi kjærleiks lys held oss fast, i sanning og håp for livet her og i alle øve. Saman med folk over heile verda syng vi difor om fred på jorda, om barnet som er fødd og lyset frå håpet som er gjeve oss.

*Velsigna julehøgtid til dykk alle!*

Solveig Fiske  
Hamar biskop



## Gudstenester i Nord-Fron framover...

Dette medfører at det truleg vert avlysingar av mange av dei gudstenestene som er sett opp.

Vidare: Som ein konsekvens av dette, vil vi prøve å få til ei julatansgudsteneste som vert lagt ut på nettet.

Du finn denne gudstenesta på kyrkja i Nord-Fron si nettside (<https://kirken.no/nord-fron/>) og på kyrkja si facebook-side.

Dei vanlege gudstenestene elles vil gå som planlagt. Og vert det mange dåp, med store dåpsfølgjer, kjem vi til å lage eigne dåps-gudstenester for desse familiene.

Som de skjønar: Vi lev i ei tid med mykje som er usikkert! Men heilt sikkert er det at det vert jul i år òg! Så far vi som er voksne prøve å gjere så godt vi kan så alle våre, både born og voksne får ei jul med forventning og glede. Slik det brukar å vere! Han som kom til verda i den første julenatta, Jesu Kristus, han sokjer alltid fellesskap med oss! Så det er lov å glede seg til jul, i år òg!

# BARNAS SIDE

## Finn 5 feil

Englar fortalte gjetarane at Frelsaren var fødd. Gjetarane løp inn til Betlehem for å sjå han. Teikning: Claudia Chiaravalotti

## Finn stjernevegen!

Finn du vegen gjennom stjernelabyrinten?



## Fargelegg

Jesus, Guds eigen son, vart fødd i ein stall i Betlehem.



Teikning:  
Claudia Chiaravalotti

### Gje barnebladet **BARNAS** til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene  
er henta  
frå bladet.



**Bestill  
abonnement  
på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no)  
eller 22 08 71 00**

### VITSAR

Ole var ikkje  
verdas smartaste pilot.

Han flaug inn mot  
Gardermoen og fekk  
melding frå kontrolltårnet:

- Meld inn høgde og  
posisjon!
- Eg er 178 centimeter  
høg og sit heilt fremst  
i flyet, svara han.

I Molboland  
er det veldig  
strenge trafikklover  
når det gjeld sikker-  
heitsbeltet:

Første gong du blir tatt  
utan å ha på deg beltet,  
får du 1000 kroner i bot.  
Andre gong får du  
2000 kroner i bot.  
Tredje gong blir  
sikkerhetsbeltet  
inndrege.

## Ole Jørgen (5 år) gler seg til jul

### – for då har han ei heilt spesiell overrasking på lur!

Hugsar du kvifor vi feirar jul?

Fordi Jesus vart født.

Hugsar du kva det heiter der Jesus vart født  
da?

Julekveld.

Ja, men namnet på byen da?  
Jerusalem.

Det var der Jesus var i påskehistoria, men  
det heiter Betlehem der Jesus vart født.  
Kva sto på himmelen da Jesus vart fødd da?  
Julestjerna som ikkje er sola.

Kven kom til stallen for å sjå på Jesusbar-  
net?

Dei som skulle gi gåver! Det var ikkje  
vanlege gåver. Det var gåver som gjorde at  
han (Jesus) vart rik, sånn at han kunne gi  
litt ting til andre som er fattige.

Ja, det er det Jesus gjer, han er god mot  
alle. Kva gjer vi i adventstida Ole Jørgen?  
Oss spis kalender og så får oss gåver og gir  
gåver.

Men kva er poenget med adventstida da?  
At oss ska ha det gøy!

Kva gleder du deg aller mest med til jula da  
Ole Jørgen?

[Tenkepause] Det er noko som eg ikkje  
hugsar med jula, som det ikkje er så lurt at  
du hugsar fordi det er ein overrasking!

Å? Er det sant?

Eigentleg så har eg funne det opp og så  
gler eg meg så til å si det! Og eg må gjere  
det med pappa.

Er det ein overrassing til mamma?  
Ja, og til Hanna Frid (lillesøster på 3 år).

Det er noko av det finaste med jula, at vi  
kan overraske og glede kvarandre.

Kan døkk også finne på noko døkk kan  
gjøre i jula og det er berre døkk som gjer  
det?

Overrassing til deg? Ja, det blir det heilt  
sikkert!

Ja, så blir det spanande for meg.

Ja, gode ting må vi gjere for kvarandre.  
Ja, viss ein har gjort ein god ting mot ein,  
så må den gjer ein god ting for den.

Og med det takkar vi Ole Jørgen for intervjuet  
og seier GOD ADVENTS-, forventnings- og  
ventetid! Og god jul når den tid kjem.  
Intervjuet vart tatt opp i ein tidleg morgons-  
amtale mellom intervjuar Hildegunn (mamma)  
og Ole Jørgen (son). I etterkant vart intervjuob-  
jektet spurta om det kunne bli eit intervju i  
Kyrkjebladet av denne samtala. Han samtykka til  
dette, så lenge intervjuar lova å ikkje legge det  
ut på YouTube så heile verda kunne sjå det.



Ole Jørgen i jula i fjar. Forventinga er like stor i år!


# Hvor to eller tre er samlet

**Gudstjenester kan holdes i de forskjelligste bygninger og rom. Fra det enkleste enkle til det store, flotte og velutstyrte. Her vil jeg dele et par eksempler på dette, fra et opphold på drøye to måneder som frivillig engelsklærer i Sierra Leone i 2007.**

**Av Jan Sæterli**

Jeg hadde mitt arbeidssted ved en ungdoms- og videregående skole i Moyamba, en by litt inne i landet med ca. 14.000 innbyggere. Her var jeg engelsklærer i tre 7. klasser på en katolsk gutteskole. Min gode venn Georg ville en gang ha meg med på gudstjeneste i "sin" kirke, som han sa.

Jeg husker ikke helt hva jeg hadde forestilt meg, men her er det jeg fikk se: En meget enkel bygning, omtrent 6 x 12 meter, av uhøvla plank på spinkelt reisverk og med tak av bølgeplast. Én etasje, selvsagt. Golvet var av betong.



Kirka til George i Moyamba. (Foto: Jan Sæterli).

Alteret var et enkelt bord dekket av en hvit duk. Oppå den var det lagt en mindre, men mye mer fargerik duk, påsydd ulike fuglebilder. "Birds of Australia" var det brodert i et hjørne av denne duken. Man tager hva man haver.

Pastoren og tre - fire av barna hans pluss ei dame var de eneste som var kommet da klokka passerte 10 og gudstjenesten skulle begynne, pluss George og meg. Han er en av menighetens eldstebrødre, hadde jeg nylig fått vite. Dama, som så ut til å være en slags klokker og/eller kirketjener, tok ei stor kjøkkenklokke opp fra veska si og hengte den på en spiker bak alteret, godt synlig for oss som satt i kirkebenkene.

## STARTEN

Pastoren stemmer opp en salme. "Hvor to eller tre er samlet..." erindrer jeg fra bibelhistoria. Men kommer det ikke flere? Joda, det gjør det.

For mens han og de få på de enkle trebenkene synger, kommer folk etter hvert inn. Enkeltvis eller to - tre sammen. Voksne og barn. Etter et drøyt kvarter er vi rundt 40 stykker med smått og stort.

En ungdom har satt seg ved kirkas eneste instrument - et slagverk - som er plassert ved siden av alteret. Det blir mye lyd av et sånt instrument i et lite rom med blikktak! Et par av de minste barna har likevel prestert å sovne i alt "bråket," på mammas fang på en av de bakerste benkene, eller til og med på et pledd rett på betonggolvet.



Interiøret i kirka til George. (Foto: Jan Sæterli).

Gudstjenesten skrider fram, med skriftlesing, bønn, preken og sang. Her er det lov både å danse og klappe i hendene mens vi synger. Noen få av oss er i denne kirka for aller første gang. Jeg er den eneste hvite. Vi nykommere må reise oss og presentere oss samt fortelle kort om oss selv.

Så avsluttet gudstjenesten med ofring, kunngjøringer og enda mer lovsang. Seansen har vart ca. halvannen time, registrerer jeg på kjøkkenklokka, som blir tatt ned fra spikeren og lagt i klokkesveska.

## GOSPEL

En annen søndag, noe senere, i Flaming Bible Church, en stor flott mursteinskirke i bydelen Kingtom i hovedstaden Freetown, er situasjonen en helt annen. Martha, en god bekjent, har tatt meg med for at jeg skulle få oppfylt et sterkt ønske: å få høre ekte afrikansk gospel i sitt rette miljø.

Kirken er fylt av flere hundre kvinner og menn pluss noen få barn. Her er det ikke trebenker, men stoppede stoler å sitte på.



Fra gudstjenesten i Freetown (Foto: Menighetens Facebookside)

Femmannsorkesteret, bestående av elgitar, bass, keyboard, afrikanske trommer og slagverk, spiller opp. To - tre kordamer fargelegger tonebildet sammen med en meget dyktig kvinnelig vokalist. Musikken har trøkk, og da mener jeg VIRKELIG trøkk! Sangsolisten gir alt, orkesteret og koristene likeså. Hele menigheten er med, danser foran stolene sine og gir seg helt hen til de smittende rytmer. Jeg oppdager ganske fort at også mine føtter, armer, ja hele kroppen beveger seg i takt med musikken!

Gudstjenesten fortsetter med bønn og skriftlesing, og enda mer sang. Med ny vokalist - en mann denne gangen, like flinke som den første solisten.

Norsk salmesang blir for meg aldri helt det samme etter å ha hørt dette...

## OFRING

Så er det ofring. Kirker og menigheter i Sierra Leone støttes ikke av det offentlige slik som hos oss. Denne menigheten har imidlertid mange velstående medlemmer. Flere flotte biler på parkeringsplassen utenfor det staselige kirkebygget taler sitt tydelige språk. Ofringen er velorganisert: Bakerste benkerad begynner. Til eggende rytmer bokstavelig talt danser og vrikker samtlige seg framover midtgangen på to rekker og legger sine sedler i offerkurven ved alteret. Så neste bakerste rad og så videre framover.

Presten som leder seansen, ber så alle som er i denne kirka for første gang, om å reise seg. Jeg og 14 - 15 andre gjør det; vi får applaus (!) og gode velkomstord.

Deretter følger premieutdeling! Menigheten administrerer nemlig en strandfotballserie, som et middel til å aktivis-

sere ungdom og få dem vekk fra gatas fristelser. Flere får pokaler - beste spiller, beste lag, og så videre. Vitnemål og rapporter fra ulike misjonsprosjekter følger etterpå. I Sierra Leone er det ca. 60 prosent muslimer, rundt 10 prosent kristne, mens resten havner i kategorien naturreligioner. De driver en viss misjonering overfor hverandre, tilsynelatende i fred og fordragelighet.

Nye eggende sanger, ny ofringsrunde (nesten like mange går fram på nytt) og så - preken; entusiastisk og medrivende, men ganske lang. Menigheten er ivrig med hele tiden, blar opp i sine medbrakte velbrukte bibler.

Nikker med hodet når de er enig i et poeng fra predikanten. De fleste noterer sitater fra presten ned i sine notisbøker, ser jeg. Av og til spørsmål fra predikanten:

"Are you with me?"

"Yes," svares det høyt. Etterfulgt av prestens gjentagelse, enda høyere:

"Are you with me this morning?"

"Yes, Sir!" ropes det ut.

Mer sang, samme rytmiske trøkk, før vi nykommere kalles fram til kordøra, der vi enda en gang hilses varmt velkommen, og får til slutt gå ned midtgangen og ut, mens menigheten gir oss stående applaus!

Gospel-rytmen sitter i kroppen ei god stund etter vi har kommet ut på kirkebakken.

På søndagene er det vanligvis tre gudstjenester i løpet av dagen.

Menigheten driver også en barnehage i en bygning tett ved. Her kan også barna plasseres mens foreldrene er på gudstjeneste.



Gospel i Flaming Bible Church i Freetown.  
(Foto: Menighetens Facebookside)

**Du så kanskje dei flotte konfirmasjonsbilda i førre nummer av kyrkjebladet?  
Dei kan kjøpast på Fotobben, Södorptunet. Det kan bli ei flott julegave i år!!**

# Stallen i Betlehem – kor himmel og jord møtast



Jesus vart født nærmest ute, den første julekvelden. Slik er det i alle fall i hovudet mitt. Stallen som vi har sett framstilt tusenvis av gonger på kalendrar, hengande på juletreet, på bilet i kyrkjer og i barnebøker. Stallen kor Jesus vart fødd blir ofte avbildet med berre tre veggar. Den fjerde veggen er borte, eller opna kan ein seie, for å slepp oss inn til julemirakelet. Tre-veggs-konstruksjonar er ein bygningstype eg kjennar til frå arbeidet med ulike kulturhistoriske periodar som arkeolog og mange har skur og bodar som er konstruert slik i dag. Men eg sitt ikkje på empiriske data som gir belegg for å seie at det var ein slik konstruksjon Jesus vart fødd i. Det var kanskje ein vanleg stall? Eller var det i ei hole som var nytta som stall, slik det er framstilt i nokre filmar? Å vite dette betyr noko i eit kulturhistorisk perspektiv, men i det religiøse perspektivet har det lite å seie akkurat korleis stallen såg ut. Avgjorda om å fjerne den eine veggen trur eg kjem meir frå ein kunsthistorisk tradisjon. Det er ein måte å sleppe oss inn på, ein måte å vise oss mirakelet. Scena som er teikna for oss, med det vesle barnet og dei kjærlege foreldra, i denne vanvitige situasjonen det måtte ha vore å være på reise, ikkje få plass innomhus når veane kom og å møtte føde eit barn i ein stall! Den scena gjer noko viktig

for vår måte å ta imot juleevangeliet på. Juleevangeliet er dramatisk og varmt, fargerikt og utruleg! Men likevel trur vi. Og kva trur vi på? At Gud kom til jorda som eit lite barn.

Stallen med høyel og dyra er med å understreke det menneskelege og å skape kontrasta til englekoret over hyrdemarka. Eller kanskje ikkje ei kontrast, men ei samanheng? Prøysen trekk fram stjerna som brua: "Den fysste gong hu skinnte, så laga hu ei bru, i mellom seg og himmeln og ei krybbe og ei ku". Det er eit vakkert bilet og eg ser heile juleevangeliet, historia slik ho er fortalt, som ei bru. Og ikkje minst er stallen er eit veldig viktig element. Enten ho var slik eller så, så er bodskapen om Gud i stallen essensen av vår kristne tru. Gud sendte sonen sin til jorda, ikkje for å være ein allmektig Gud, men for å være menneske - fødd i ein stall!

Hildegunn, trusopplærar

# «Lyset, håpet og troen»

*Olaug Halsteinrud og ektemannen Jan Brende si gav til Sødorp kyrkjelyd*

## A Kjartan Ruset

Det er snart 20 år sidan Kyrkjestugu ved Sødorp kyrkje stod ferdig. Til innviinga den 29. september 2002 mottok soknet ei storstilt gav til biletkunstnaren Olaug Halsteinrud og mannen hennar Jan Brende: eit triptykon med tittelen «Lyset, håpet og troen» (ordet «*triptykon*» kjem frå gresk «*triptychos*» = «*trefaldig*»; vert i kyrkjekunsten brukta som namn på ei altertavle med eit midtparti, og to fløyar som kan vere hengsla, slik at dei kan lukkast over midtpartiet). Eit av dei mest kjende og typiske triptykon i vårt land, er altertavla i Maria-kyrkja i Bergen. Kyrkjestugu vart høgtideleg vigsla ved prost Anne Hilde Laland, og triptykonet som samstundes vart avduka, let ein ikkje vere i tvil om at dette er ein sakral bygning, i tråd med det som var bygningens opphavlege bruk; huset vart i 1936 reist og innvigd som gravkapell inne på kyrkjegarden. Då kyrkja i 2007 (?) måtte stengjast pga omfattande reparasjoner, vart Kyrkjestugu brukt både til gudstenester og gravferder. Huset vert elles nytta til minnesamver, dåpslag, familielag, konfirmantundervisning, babysang, kyrkjekaffi, medarbeidarfest, og møter og tilstillingar av ymse slag.

Ved avdukinga av triptykonet den gongen, gjorde kunstnaren sjølv greie for det ho ville uttrykkje ved kunstverket. Det var tydeleg at til grunn låg ei tilkjempatru og

overtyding. Ei jubiléums- og innviings-høgtid gav ikkje rom for vidare utdjuping av verket. Det kan vere på tide å stogge opp på nytt, og gjere seg kjend med bodskapen kunstnaren vil formidle til oss. Og ikkje minst: bli litt meir kjend med kunstnaren sjølv, som har levd sitt liv her i bygda gjennom fleire tiår, og ofte er å møte i kyrkjebenken i Sødorp kyrkje, men elles ikkje er den som trengjer seg på i det offentlege rom.

## Oppvekst i Eggedal

Eggedal i Sigdal kommune har ein spesiell plass i kunsthistoria. Det var her Christian Skredsvig (1854-1924; «Gutten med seljefløten» . «Idyll» (mannen og katten), «Jupsjøen»), etablerte sin kunstnarheim på husmannsplassen Hagan, som han hadde kjøpt i 1894. Her levde han til sin død. Om Hagan kan vi lese på Wikipedia: «Hagan er i dag et av de best bevarte kunstnerhjem fra gullalderen i norsk malerkunst» (Astrup-tunet i Jølster hører ein nyare epoke til). Kunstnarkollegaen og kameraten frå studietida i München, Theodor Kittelsen, fylgde Skredsvigs eksempel, og busette seg på bruket Lauvlia i Eggedal. Dei to markante kunstnarane sette sitt preg på livet i bygda. Ein tredje, yngre Eggedals-kunstnar, Kjell Lodberg Holm (1919-1974), skulle bli ein av Olaugs lærarar. Slik vaks Olaug opp i ei bygd der målarkunsten var sentral. På garden Halsteinrud under den kjende Andersnatten vaks Olaug opp saman med sine to eldre brør.



Til trearbeitet med triptykonet fekk Olaug hjelp av Even Brenden. Foto: Kj Ruset.

## Tidleg engasjement for naturvern

Skog og fjell og naturens mystikk har vore kjennemerke for Olaug Halsteinsrud sin kunst. Då ho debuterte i 1972 med utstilling i Unge Kunstneres Samfund i Oslo, skreiv Karl Erik Harr i sin omtale: «*Hun har utviklet et jordnært glødende stoffmaleri. Ofte skimter vi tydelig natur gjennom de pastose pensellag, - - - - Vi tolker det kanskje riktig når det er den snikende forurensning hun vil male om. Titler som «Ingenting gror», «Panikk», «Giftig bekk» tyder på et sterkt engasjert kunstnersinn i retning av naturvern.*»

Harr såg allereide då det som har vore ein raud tråd i Olaug sitt arbeid: å tolke naturens sjel. Ja, ho opplever naturen på ein åndeleg måte, slik som naturfolka gjer. Hennar engasjement for naturvern har ei djup åndeleg side. Eit underleg samantreff var det difor at ho allereide som barn vart kjend med Noregs kanskje fremste naturvernar, filosofen og professoren Arne Næss. Med sin unge familie kom han flyttande til Halsteinrud under krigen, og heldt fram med å leige hus i tunet, som feriebustad, i mange år etter krigen. Olaug leika seg mykje med sønene Ragnar og Arild (også med nevøen, Arne Næss jr, som kom på besøk for å klatre med sin onkel i Andersnatten). Mor til gutane, Else, var ein av dei som såg Olaugs talent for bilet-kunst, og tilskunda henne til å ta utdanning i faget.

For Olaug var engasjementet for naturen noko ho vaks inn i som barn. Med sin barnlege fantasi levde ho i naturen, og naturen levde i henne. Medan filosofens engasjement var av meir intellektuell karakter, var Olaug si tilnærming meir

på eit åndeleg plan. Hennar kjærleik til naturen og engasjement for naturvern var ikkje ei frukt av ei gryande kollektiv, ideologisk rørsle, men noko som vaks fram av hennar eige nære forhold til naturen frå barnsbein av. På den måten skulle ho kome til å bli ein av pionérane blant kunstnarane med naturvern-engasjement.

## Utdanning og første steg på kunstens smale veg

Vegen for Olaug gjekk etter folkeskulen først til Danvik kristne folkehøgskule i Drammen. Ein lærar som spesielt kom til å bety mykje for Olaug, var teologen Reidar Svoen, som seinare vart generalsekretær i Santalmisjonen. Han tefta at Olaug ikkje var så ivrig på det boklege og teoretiske, og let henne i staden teikne og måle. Det resulterte i at ho som 17-åring kunne halde utstilling heime i Eggedal, og fekk sine bilder innkjøpt både av banken og kommunen. - Så bar det til Oslo. Svoren hadde ordna det slik at ho fekk jobb som kjøkkenhjelp på Indremisjonshotellet, slik at ho på fritida kunne ta kveldskurs ved «Kunst- og Håndtverkskolen». Då dette oppleget vart for stridt i lengda, vart det ordna slik at ho fekk bli elev ved Bibelskulen, og samstundes halde fram med kveldskurset. Så vart det å söke seg inn på Statens Kunstakademiet. Ein av dei som sökte samstundes, var Odd Nerdrum. Han kom inn på første forsøk, medan Olaug kom inn på tredje søknad. Det vart fem utviklende år som kunststudent. Og så var ho mogen for si debututstilling.



Olaug i tunet heime på «Tussebyrhaugen», kunstnarheimen i Øvre Vinstra som ho og ektemannen Jan Brende bygde opp i lag.  
Foto: Kj Ruset.

## Frå naturmystikk til bibel-kunst

Karl Erik Harr karakteriserte Olaug slik i samband med hennar første utstilling etter endt utdanning: «- et sterkt kunstnersinn i retning av naturvern». Dette særmerket ved Olaug Halsteinrudsin kunst, set tryptikonet i Kyrkjestugu i perspektiv. For her openberrar kunstnaren ei anna side, eller kanskje rettare: ho føyer naturmystikken saman med si kristne tru. Sidan ho i 1980 stod fram som den første kvinnelege utstiller under Peer Gynt-stemnet, har bileta hennar vore kjende her i vår bygd, gjennom innkjøp både i private heimar, på kommunehuset og på Sundheim. No er vi nysgjerrige på korleis dette sakrale kunstverket vart til. Olaug vert med til Kyrkjestugu ein dag i november prega av corona-tiltak, med med sol og blå himmel over ei vinterkledd bygd.

- Korleis fekk du idéen til tryptikonet, Olaug?

- På 1980- og -90-talet var eg med i ei bibelgruppe i Sødorp sokn. Vi var nokre kvinner som samlast regelmessig i heimane våre, til bibel-studium og samtale. Vi fylgte med på planane og arbeidet som hadde vara ved nokre år om å utvide Kyrkjestugu, til eit meir høveleg forsamlingslokale for soknet. Ei av dei som ivra for dette, var Petra Berg. Ho var med i soknerådet, og arbeidde spesielt for misjonen. Der kjende eg meg att, for mor og far var misjons-mennesker, og eg gjekk i barneforening i oppveksten. Petra hadde arbeidd på ysteriet i mange år, og då det vart nedlagt, kom ho til meg med ymse glas som ho tenkte eg kunne bruke til kunsten min. Vi snakka om planane for Kyrkjestugu, og det var då det berre datt ned i meg at eg kunne lage noko utsmykning til dette bygget. Eg var frå oppveksten fortruleg med kyrkje og forsamlingshus, og kjente på at her kunne eg bidra.

- Men kvifor triptykon?

- Ja, det var å gå i gang og finne eit motiv eg kunne stå inne for og få noko utav. Det er med kunsten som med sporten: det skal til mykje hardt arbeid for å lukkast. Og eg måtte jobbe mykje for å kome inn i dette oppdraget som eg hadde gitt meg sjølv.

- Eg leita i stoff eg hadde samla gjennom åra, like frå studietida i Oslo. Der fann eg eit utklipp som eg hadde teke vare på. Ein artikkel i A-magasinet om øya Man i Irskesjøen var illustrert med bilde av eit keltisk kors. Der fann eg motivet! Den kristne trua har vore mi tru frå barnsbein av. Konfirmasjonen var ei avgjerande oppleving for meg. Eg gløymer aldri høgtidsstunda då eg låg på kne ved alterringen, og presten ba for meg. Eit av dei første oppdraga eg fekk nokre år etterpå, var å måle eit bilde som sokneprest Havig skulle få i avskilsgåve frå kyrkjelyden. Det vart eit interiør frå Eggedal kyrkje.

- I ungdomstida kom eg mykje under kristen forkynning, både på Danvik folkehøgskule i Drammen, og ved Bibelskulen i Oslo, der eg var elev. Korset er sentrum i kristendommen.

Eit keltisk kors knyter oss på ein serskilt måte til kyrkjas historie. På mange stader langs Vestlandskysten vart det reist steinkors, nokre i keltisk form, før kyrkjene vart bygde. Slik knyter triptykonet i Kyrkjestugu oss til vår tidlege historie som kristent folk. Som Karl Erik Harr påpeika framstår

Olaug som ein jordnær kunstnar, i bokstavleg forstand. Tre, mose og fjell går att i hennar bilder. Men triptykonet opnar for oss eit kosmisk utsyn. Korset er planta på jordkloden og femner unveret. Eldtunger symboliserer Den Heilage Ande; ljoset som strålar fram frå bakgrunnen minner om apostelens ord: «- den einaste som er udødeleg, som bur i eit lys dit ingen kan koma»; ovalen bak korset er egg, som symboliserer livet; den ovale forma går over i ein sirkel, som symboliserer æva.

På dei to fløyane i triptykonet har Olaug måla inn, i si kvardagslege handskrift, bibelord frå Det gamle og Det nye testamentet. Kva kunne vere tanken bak det?

- Når eg brukar mi eiga, skrøpelege handskrift, er det for å symbolisere det som står i Johannes evangeliet, at «Ordet vart menneske og tok bustad mellom oss». Og så ville eg gjerne at dei som ser på denne tavla skal få med seg noko som kan vere til hjelp og trøyst og rettleiing. Bibelen og Guds ord har fylgt meg heile livet. Eg kan ikkje seie at eg alltid har levd etter det, men eg har fått leve i nåden. På Bibelskulen vart eg kjend med Finn Emanuel Olsen, ein kjend forkynnar som arbeidde for Bibelskapet. Han var forresten og ein anerkjent kunstmålar. Frå den tida har eg støtta Bibelskapet fast, og nyleg fekk eg difor i gáve Det nye testamente i den nyaste omsettinga. Det les eg i kvar dag. Det som er vanskeleg, legg eg berre bort, og alt det andre tek eg til meg.

- Gjennom heile livet, som ikkje alltid har vore så lett, har eg kjent meg beskytta. Det var ei vanskeleg tid då eg laga triptykonet, for mannen min, Jan Brende, var alvorleg sjuk i dei åra. Vi var samde om at triptykonet skulle vere ei gáve frå oss begge. Jan gjekk bort i 2006. Eg var glad eg greidde å fullføre arbeidet til kyrkjebiléet i 2002. Stor takk til Even Brenden, som gjorde det som skulle til av snikkararbeid. I gammelstua heime stod to gamle bakstefjøler som eg fann ut kunne brukast. Korset er måla på ei av desse. Den andre heng i Kvam kyrkje, også med eit kors. Det var og ei gáve frå Jan og meg. Dei to bakstefjølene på sida av triptykonet var det Even Brenden som snikra. Då folk frå bispekontoret i Hamar fekk sjá arbeidet mitt ved innviinga av Kyrkjestugu, ville dei gjerne ha det til Hamar, til ei utstilling av kyrkjekunst i samband med 850-års-jubiléet for Hamar bispedøme i 2003. Då trødde Even til igjen, og hjalp meg meg frakt til og frå Hamar, og montering og demontering på utstillinga der.

- Til å utforme Guds auge, som er ein gammal tradisjon i kyrkjekunsten, valde eg å bruke to CD-plater. Eg synest det er morosamt å kunne nytte både gammalt (bakstefjøla) og nytt (CD-plata) for å uttrykkje dei evige sanningar.

Ved innviinga i 2002 var det nokon som gjorde oss merksame på noko spesielt: - når dørene i Kyrkjestugu vart opna for den høgtidelege prosesjon av prestar, sokneråd og andre kyrkjelilsette, og kyrkjedøra samstundes opna seg, lyste triptykonet og altertavla i kyrkja imot einannan, og gjorde heile kyrkjeturnet til eit samanhengande heilag rom. Kristen Listad og Olaug Halsteinrud fann kvarandre, og løfta kvar på sin måte fram evangeliets bodskap, Listad med «Nattverden», og Halsteinrud med «Lyset, håpet og troen».

# Julehelsing frå Sødorp sokneråd

Vi er i advent, med alt det denne ventetida inneheld. Det er så mye som skal skje, desse stutte desemberdagane....før julefreden senker seg. Mye å tenke på, mye å ordne, og i år blir visst ingenting slik det bruker å vera? Adventstida bruker å vera ei svært triveleg tid, der vi gjer og opplever koslege ting.

Vi går på julemesser av ymse slag, førjulskonserter, vi treffte venner og familie, drakk kaffe og ”tjuvsmåkå på jul’baksten” Alle har vi våre ting, som vi må gjera, for å komme i riktig god stemning. Som gir oss både overskudd og glede.

Men, adventstida i 2020, blir ei anna tid, enn det vi tidlegare har opplevd. Og det er vel ingen gong, det har vore viktigare å sjå og møte kvarandre, enn i år? Sjølv om det må skje på andre måter, enn før om åra. Men folk blir kreative, finn stadig nye måter og omgåast på. Og kanskje blir 2020, det året vi sett rekord i å skrive julekort? Det som er heilt sikkert, er at denne situasjonen, gjor noe med oss...og desverre har nok mange fått erfare det, denne tida.

Det vart ei underleg tid. Ingen av oss, forsto omfanget av denne usynlege fienden, om korleis den kunne tvinge oss i kne. At Norge skulle bli stengt ned? Sjølvsagt vart også kyrkja, og kyrklege handlingar lamma.

Pårørande måtte prioritere kven som kunne komme i gravferd, likeins med dåp. Bryllup vart sett på vent, konfirmasjon vart utsett. Mye av ting, som skulle skje i kyrkja, vart avlyst. Alt dette gjorde stor inngrisen i folk sine liv. Aldri før har vi opplevd noe slik.

Men det som er så positivt og gledeleg i alt dette negative, er - at alle bidreg til å få det til. Soknerådet stilte opp på dugnad, møtte opp med skurefiller og koster, vaska kyrkja, kapellet og kyrkjestugu. Det lufta grønsåpe over Alle på kyrkjekontoret gjorde ein stor innsats, med å planlegge og organisere, slik at konfirmasjonen kunne bli ein festdag for konfirmantane og deira familier. Og fest vart det!

I denne advents-tida, vil soknerådet sende ei spesiell helsing, til ALLE, som på ein eller anna måte er råka av Corona-viruset. Og til ALLE som, har bidratt til å hjelpe oss i 2020. slik at alt skal bli så bra det går an. Vi må takke kyrkjekontoret for godt og tenleg samarbeid, alle vikarer, som velvillig stille opp, og alle som arbeider i og rundt kyrkja. Mitt ønske for denn tida, er at folk skal kjenne seg sikre og trygge på, at dreg vi lasset saman, vil det tilslutt bli normal tid att.

Vi får trøste oss med det ungane i barnehagen sier: ALT SKAL BLI BRA .

**Soknerådet vil ønske alle ei  
GOD OG FREDLEG JUL OG EIT VELSIGNA 2021**  
Soknerådsleiar, Kirsten Dina Leine



# Julehelsing frå Kvam sokneråd

Eit år er på hell, eit underleg år på mange måtar. Som resten av samfunnet har og kyrkja fått kjenne på innstrammingane som er gjort p.g.a. Covid-19. Det har vore trygt og vil og i fortsetjinga vera trygt å vitje Kvam kyrkje. Vi sett stor pris på kvar og ein av dykk for at dykk stille opp gjennom året, når det er noko kyrkja har behov for.

Kvam sokneråd helser spesielt til dei som har mista nokon av sine kjære siste året.

Likeins vil vi helse alle som er komne til soknet vårt.

**Ynskjer alle velsigna julehøgtid, og eit riktig godt nytt år!**

For Kvam sokneråd  
Egil Myhre

# Julehelsing frå Kvikne sokneråd

Eit annleis år er i ferd med å ebbe ut. Kva ventar oss vidare i tidene som kjem? Er sjukdomar og andre travalege ting, noko oss i større grad må leve med vidare? Dette veit vi lite om, men om ein følgjer med på ymse kanalar som granskar og melder om positive og negative endringar, er det ikkje alltid lett å bli klokare. Så får vi håpe at styresmaktene, saman med fagpersonell, har laga ein god strategi, for at færrest mogleg får varige skader av koronaviruset.

Soknerådet håper at julehøgtida som ligg framfor, blir ei god og nødvendig avveksling for oss alle. At feiringa av eit lite barn, fødd under andre himmelstrok og livsvilkår enn vi lever i, kan bli til ettertanke for oss i denne tida. Det var heilt nødvendig at han vart fødd!

Soknerådet er også opptatt av kyrkja, som lir av alvorlege setningsskader. Håper at det er ordna til neste julefeiring. Soknerådet vil helse alle i soknet som har mista ein av sine i året som gjekk og til dei som slit med helsa på ymse vis. Soknerådet er også glade for alle som har gitt sine bidrag til kyrkja og har omtanke for ho. Takk for godt samarbeid til dei tilsette på kyrkjekontoret, prestar, kyrkjetenar, kyrkjevertar og tekstlesarar. De er heilt avgjerande for at vi kan driva kyrkja og arbeidet vidare.

**God jul og godt nytt år til alle i Kvikne sokn.**

For Kvikne sokneråd  
Kristian Ekre



# Julehelsing frå Skåbu sokneråd

**Det nærmer seg slutten på et merkelig, vanskelig år. For oss alle.**

Og det nærmer seg en julehøytid som blir annerledes. Vi kan ikke samles på samme måte som før, vi kan ikke kaste oss hemningsløst ut i julehandel og festligheter. Vi må trå forsiktig, vi må tenke trygghet for alle i alt vi gjør. Vi er slitne og leie av alle tiltak og begrensninger, men...vi står i det! Vi viser en dugnadsånd og en omsorg for hverandre som vi snaut ville trodd var mulig. Vi hjelper og støtter hverandre, og vi løfter de som har det tyngst. Foreløpig er det ikke så lett å trekke noe positivt ut av pandemien, men det er garantert mye lærdom for oss å hente! Måten vi lever på, måten vi har bygget opp samfunnet vårt, måten vi omgås – vi må tenke nytt på så mange områder.

Og midt opp i alt vrimer det av gode øyeblikk og ting å være takknemlig for. Som alltid. Vi må ta imot skjønnheten og kjærligheten, og aldri slippe det gode av syn!

Noen ord i et radioprogram for mange år siden festet seg hos meg: At vi hver kveld burde oppsummere dagen med å komme på minst fem gode ting som har skjedd, minst fem ting vi kan glede oss over. Noen ganger virker det nesten umulig, og du må ned på de aller minste hendelsene. Men det går alltid an! Jeg gjør det hver eneste kveld, og det er en vane som gjør godt! Og som oftest er det langt flere enn fem gleder jeg er takknemlig for.

Dagene kommer og går. Aktiviteten i kirkene våre er mindre enn vanlig, men så skjer nye, gode ting på nettet. Vi sees ikke så ofte, verken i kirken, på møter, på kirkekontoret eller andre steder. Men jeg tror vi tenker mer på hverandre enn ellers. Og føler en inderlig omsorg for hverandre – over hele jorden!

Og fjellene ligger der, skogen tar imot oss, morgensol og stjernehimmel forandrer seg ikke.

Takk, Far, for alt det gode du gir oss! Vær med alle som sliter!

**Velsignet julehøytid til dere alle! Ta vare på dere selv og hverandre!**

# Strakstiltaka for å sikre Kvikne kyrkje er sluttført



Kraftig trevirke som skal reisast opp.

Som eg skrev i førre utgåve av kyrkjebladet så skulle strakstiltaka for Kvikne kyrkje setjast i gang i vike 42. Som dykk ser av biletta, så er dette arbeidet nå utført av tømrer Svein Arild Bakken med god hjelp av blant andre kyrkjeterarane våre.

Etter lov frå Svein Arild Bakken sett eg inn rapporten som gjekk til Riksantikvaren og kommunen etter strakstiltaka var gjennomførte.

- Tiltaket er gjennomført i henhold til tiltaksplaner og tegninger godkjent av Riksantikvaren.
- Strekkfiskene er festet med gjennomgående 24mm stag, med kraftige muttere og skiver på begge sider.
- Strekkfisker ved hjørne ved vindu på sideskip, er i tillegg montert med slissespør i strekkfiskene.
- Hva gjelder antall hull som måtte bores i veggtommer på hvert punkt, så ble det for strekkfiskene ved innvendige hjørner i skipet 8 stk hull på hver side.
- På strekkfiskene ved vindu på sideskipet ble det derimot behov for totalt 10 stk hull.



• Mellom strekkfisker i skipet, 15 cm over gulvnivå, er det montert en 25mm stålwire med stramming, med påbygd rampe over i midtgang.

• Bakre benk i sideskip måtte løses ut, for å få plass til strekkfiskene. Benkene er løst forsiktig ut, å er lagret i den gamle kirkestuen på kirkegården.

• Strekkfisker, stag og wire må kontrolleres i nær fremtid, og ev forsiktig etterstrammes. Dette med tanke på eventuell krymping av treverket i strekkfiskene.»

Kyrkja er no sikra for å hindre ytterlegare sigeskadar og det er vi særslig glade for, men mykje arbeid står att før kyrkja er ferdig oppatt jekka.

Vi er alle samde om at vi må finne ut korleis grunnen er under Kvikne kyrkje og difor så har det vore ein tilsette frå Norges Geologiske Institutt oppe ved Kvikne kyrkje. Han undersøkte grunnen med georadar samt ERT (Elektrisk resitivitets-termografi) som er noko av det mest avanserte på markedet når det gjeld gefofysiske





teknologiar. Rapport frå denne undersøkinga kjem i vike 48 og på bakgrunn av denne rapporten bestemmer kommunen i samråd med riksantikvaren kva som skal gjerast i forhold til å sikre grunnen under kyrkja.

Riksantikvaren har midlar som kyrkjer før 1870 kan søkje på og her er underteikna i gang med ein søknad på vegne av kommunen om å få midlar. Det kan leggjast inn søknad på opp mot 900 000 kr og håpet er at Kvikne kyrkje får tildelt noko støtte.

Underteikna på vegne av Nord-Fron kyrkjelege fellesråd må takke for svært godt samarbeid med Morten Langset i Nord-Fron kommune og tilsette hjå riksantikvaren. Alle tek sitt ansvar for at vi skal få sette Kvikne kyrkje i god stand att og håpet er at dette vert sluttført i 2021.

Bileta her er teke av Svein Arild Bakken og Frank Varpestuen.

Grete Bakken



*Sikringsarbeidet er klart.*

**SpareBank**  
GUDBRANDSDAL   
Tlf. 612 18 000 - Web adr: www.s1g.no

**Vinstra;libris**  
Peer Gynt Kjøpesenter | 2640 Vinstra  
Tlf: 61 29 04 09 | vinstra@libris.no  
www.libris.no/vinstra

**Vekstra**  
Regnskap Gudbrandsdalen

Avd: Vinstra, Nedreg. 63, 2640 Vinstra  
Avd: Fåvang, Stasjonsv. 1, 2634 Fåvang  
Tlf 61 29 52 70

**Jymoen Gartneri**  
Gammelgata 26, 2640 Vinstra - Tlf. 61 29 15 46 - 901 41 354

**Dale-Gudbrands Trykkeri a.s.**  
2635 Tretten, Tlf. 61 27 73 50.  
[www.dg-trykk.no](http://www.dg-trykk.no)



**HÅREK**  
FRISØRSALONG  
-KVAM-

**CIRCLE K**

Vinstra.  
Tlf 61 29 04 01

**TOYOTA**  
**db DOKKEN BIL AS**  
Tlf. 61 29 29 20 Lomoen, 2640 Vinstra  
<http://vinstra.toyota.no> - E-mail: post.vinstra@toyota

**Hageland Bjørke**  
Tlf 915 750 74  
Vi hjelper deg med blomster til begravelse og andre anledninger.

**Bakken Begravelsesbyrå** Tlf. 47 68 22 27

**Rondablikk**

Tlf. 61 29 49 40 - [www.rondablikk.no](http://www.rondablikk.no)  
Rondablikk har lokaler som dekker det fleste behov:  
• Barndåp • konfirmasjon  
• bryllup.  
Og om det er noen som runder år,  
er dere velkomne til å feire dette sammen med oss.  
Nyt middagen til med utsikten til fantastiske Rondane.

**RUSTUGUSETRA**  
Parkerings - Butikk - Transport - Hytteservice  
Tlf. 61 29 49 46 - Mob. 909 98 173  
2642 Kvam

**TEIGEN – TANGEN byggfirma**  
Mob. 95 94 87 11 og 95 25 87 30

**OM Bakken Bygg AS**  
ENTREPRENØR - HUS OG HYTTER

Lomoen - Vinstra  
Tlf. 61 21 60 00  
Fax 61 21 60 01

**Gudbrandsdal Energi**  
Tlf. 61 29 47 00 - [www.ge.no](http://www.ge.no)

**Tore Søndenfor**  
Landbruksentreprenør Tlf. 90 97 409

**BE Sanden Bygg**  
Tlf. 905 94 187 Bjørn Einar

**abarist**  
APPS FOR BUSINESS  
Elvevegen 5, 2642 Kvam. Tlf: 98 26 68 80

**Peer Gynt Seterveg**

Peer Gynt Seterveg starter på vinstra og ca. 45 km.  
Den møter Kvam Sterveg på grensa Søndorp/Kvam.  
Ta turen over fjellet, en fantastisk tur!  
Se og les mer på: [www.peergyntseterveg.com](http://www.peergyntseterveg.com)

**ruste regnskap**  
Strandgt. 54, 2640 Vinstra. Tlf: 61 29 26 60 / 924 64 529  
E-post: [post@rusteregnskap.no](mailto:post@rusteregnskap.no)

**REMA**  
**1000**

Lomoveien 1, 2640 Vinstra  
Tlf. 61 29 50 00

**CIRCLE K**

Kvam  
Tlf 61 29 44 30

HVEM KAN SLÅ<sup>®</sup>  
**Anne Kari Haugalien?**

MIDTDALENS HUMORDRONNING  
OG SELVERKLÆRT MOSJONIST

**Furusjøen rundt FOR ALLE!**  
RENN RITT LØP



Aktive og mosjonister  
Flere distanser  
Ulike utfordringer

**Sterk & Smidig**  
trening for alle  
Tlf. 922 50 868

**Toksekleva**  
HUNDEPENSIONAT - VINSTRA  
Tlf. 971 88 621

**Fron raktorService**  
Rustvegen 170, 2640 VINSTRA. Telefon: 612 92 460.

**SLANGEN SETER**  
Anita Steberglokken, tlf 90 95 88 38. Slangsliv. 290, 2634 Skåbu  
E-post: [post@slangen-seter.no](mailto:post@slangen-seter.no) - [www.slangen-seter.no](http://www.slangen-seter.no)

Minnesamvær, barnedåp, konfirmasjon, bryllup, jubileum.  
Spisesal med plass til 45 pers. - stemningsfull peisestue - overnattingsmuligheter for totalt 60 pers. - gammel miljøskapende fjellstue i unike omgivelser - fjellgård.

**coop marked**

**SKÅBU REGNSKAP AS**  
[post@skaaburegnskap.no](mailto:post@skaaburegnskap.no)  
Tlf.: 413 83 898

MEDLEM  
REGNSKAP  
NORGE

**KLYPPEKROKEN**  
TOVE IREN ERIKSEN  
Tlf. 97 73 72 14

**STØTT VÅRE ANNONSØRER!**

**NYE ANNONSØRAR**

er velkomne frå og med neste nummer. Ta kontakt med Kyrkjekontoret, tlf. 612 16 290.  
E-post: [grete.bakken@nord-fron.kommune.no](mailto:grete.bakken@nord-fron.kommune.no)

## Gudstenester i Nord-Fron 2020

	SØDORP	KVAM	KVIKNE	SKÅBU
2-s i advent <b>6.desember</b> Luk 21,27-36		17.00 Ljosmesse Konfirmantane og Jens Petter Ous	19.00 Ljosmesse Konfirmantane og Kjartan Ruset	
3-s i advent <b>13.desember</b> Luk 3,7-18	19.00 Kyrkja Ljosmesse Konfirmantane			
4-s i advent <b>20.desember</b> Luk 1,39-45			11.00 Familie-gudstenste Vi pyntar juletreet. Kjartan Ruset	
Julaftan Familiegudstenester <b>24.desember</b> Luk 2,1-20	12.00 Sundheim Kj Ruset 14.00 Kapellet Kj Ruset 16.00 Kyrkja Jens Petter Ous	14.00 Jens Petter Ous		12.00 Jens Petter Ous 16.00 Kjartan Ruset
Juledagen <b>25.desember</b> Joh 1,1-14	11.00 Kyrkja Høgtidsgudsteneste. Nattverd. Kjartan Ruset		11.00 Høgtidsgudsteneste Nattverd. Jens Petter Ous	
2.juledag <b>26.desember</b> Matt 10,16-22		11.00 Høgtidsgudsteneste Nattverd. Kjartan Ruset		
Nyårsaftan <b>31.desember</b> Joh 14,27	18.00 Kyrkja Gudsteneste ved årsslutt. Jens Petter Ous			

## Gudstenester i Nord-Fron 2021

Kr openberringsd <b>3.januar</b> Luk 2,40–52		11.00 Høgmesse Nattverd Kjatan Ruset		
2-s i openb.tida <b>10.januar</b> Mark 1,3–11	11.00 Kapellet Høgmesse. Nattverd Jens Petter Ous			
3-s i openb.tida <b>17.januar</b> Joh 4,4–26		17.00 Eftasmesse Nattverd Kjartan Ruset	11.00 Høgmesse Nattverd	
4-s i openb.tida <b>24.januar</b> Joh 9,1–7.35b–38		Tårnagent Alt: 23. eller 30.januar		19.00 Kyrkjelyden syng julau/ Skåbukoret/ Jens Petter Ous
Såmannssøndag <b>31.januar</b> Mark 4,26–34	18.00 Kyrkja. Bibeldagen Pinsemeneigheten og Sødorp kyrkjelyd Jens Petter Ous	11.00 Høgmesse Nattverd. Bibeldagen Kjartan Ruset		
Kyndelsmesse <b>2.februar</b> Luk 2,22-40	19.00 Kyrkja Kveldsmesse Nattverd. Konfirmantane og Kjartan Ruset			
Kr.forklæringsdag <b>7.februar</b> Mark 9,2-13			11.00 Høgmesse Nattverd Jens Petter Ous	
Fastelavenssøndag <b>14.februar</b> Joh 12,20-33	17.00 Kapellet Høgmesse. Nattverd Kjartan Ruset			11.00 Kveldsmesse Nattverd Kjartan Ruset
Askeonsdag <b>17.februar</b> Matt 12,38-42		19.00 Faste-gudsteneste. Nattverd Konfirmantane og JPOUs		
1-s i fastetida <b>21.februar</b> Matt 16,21-23	11.00 Kyrkja Høgmesse. Nattverd Kjartan Ruset			
2-s i fastetida <b>28.februar</b> Luk 7,36-50	11.30 Sundheim Høgmesse. Nattverd Kjartan Ruset		11.00 Friluftsgudsten. Kviknehøgda. Jens Petter Ous	

I desse koronatider veit vi ikkje om alle gudstenester kan arrangerast – så følg med på nettsida vår eller i GD.